

Scroll down for English version.

Randi Annie Strand: *99/9 Vestervik*

Ikkje alle kunstnarbøker – dvs bøker laga av biletkunstnarar – er artists' books, men i alle artists' books er den fysiske strukturen, sjølve objektet, ein integrert del av måten verket kommuniserer innhaldet sitt på. Det er ei bok, eller eit objekt som liknar ei bok, eller eit objekt som på ein eller annan måte har boka som materiale, og der ein kunstnar har hatt kontroll over sluttproduktet. Boka *99/9 Vestervik* av den Oslo-baserte kunstnaren Randi Annie Strand (f. 1962) er ei artists' book. Strand er ein kunstnar med strenge krav til handverk og estetikk. Så også her, i ei bok som Johanna Drucker kunne plassert i gruppa "The Artist's Book as an Agent of Social Change".¹ Med utsøkt papir og trykk, ein font som gir individuell stemme til orda, poetisk bruk av prosaiske kvardagsdetaljar og sin eigen familiehistorie frå eit typisk norsk småbruk i 1960-åra, presenterer ho eit økologisk alternativ til dagens forbrukarsamfunn med internasjonal relevans (that feels global, displaced from specific locations).



Randi Annie Strand: *99/9 Vestervik*, Levanger, LevArText 2019. ISBN 978-82-690297-8-9

https://www.randistrand.no/images/99-9_Vestervik/99-web-ny1-400b.jpg

Du kan sjå forfattarens eigne bilete av oppslag i boka, og bla i boka her: <https://www.randistrand.no/boker/99-9-vestervik>

¹ Drucker, Johanna. 2012. *The Century of Artists' Books*. New York City: Granary Books, 287–307.

Boka

99/9 *Vestervik* har stift bind, sydd rygg, er trykt i offset i eit opplag på 300 og har eit ISBN-nummer. Innhaldet består av 224 sider verbaltekst og foto. Objektet har altså alle vanlege kjenneteikn for ei bok, men det spesielle er at den fysiske strukturen, sjølve objektet, er ein fullstendig integrert del av kommunikasjonen. Både objektet sjølv, materialet boka er laga av, innhaldet og utstyret, appellerer til fleire sansar og set i gang assosiasjonar: personlege og felleskulturelle, erfaringsbaserte og kunnskapsrelaterte.

Sidene er ikkje paginerte, men innbindinga legg arka i ei bestemt rekjkjefølgje. Papiret, Munken Print White (15) 80g, er eit lett gjennomskinleg papir der vi så vidt kan ane ein skugge av trykket på føregåande eller neste oppslag. Det er ei påminning om at det, akkurat som i ei tradisjonell bok, alltid er noko før og noko etter. Kvar bokside og kvart oppslag blir ein del av ein serie som lesaren aktiverer når han/ho blar. Papiret er godt å ta i, vakkert, og så tynt at vi kjenner at vi bør vere litt forsiktige. Det etablerer ein følelse av å ta i noko verdifullt, og vekkjer assosiasjonar til ein tradisjon der böker var viktige i opplysning, kunnskapsformidling og bevaring av ein kulturs minne.

Formatet kan minne om eit fotoalbum eller ei utklippsbok, mens den svarte shirting-ryggen, mønsteret og fargane på dekorasjonspapiret på bindet, den litt flekkete titteleтикetten og det grå forsatspapiret drar assosiasjonane i retning skrivebok eller protokoll. Enkel, gammal og velbrukt. Papirkvaliteten, disponeringa av boksidene og presentasjonen av innhaldet signaliserer imidlertid at dette ikkje er nokon vanleg protokoll, heller ikkje ei vanleg fotobok eller til dømes ei utklippsbok. Det er noko heilt anna. Dei assosiasjonane vi alt har fått, drar vi uansett med oss vidare. Det utdjupar leseopplevinga. Og kontrasten mellom den kvardagslege materialbruken i den tilsynelatande litt skitne framsida og det delikate innhaldet, skjerper sanseapparatet.

Materialet

99/9 er gards- og bruksnummer for småbruket Vestervik på Namdalskysten i Noreg, der Randi Strand budde saman med foreldre og fire sysken i åra 1962–75. Boka gjengir eit utval av gamle kvitteringar som ein gong var bilag til farens sjølvmelding til likningskontoret. Kvitteringane dokumenterer inntekter og utgifter i samband med det familiebruket og båtbyggeriet faren dreiv. I boka finn vi også nokre sider frå mors velbrukte notisbok der ho har notert forbruk av bær, sal av overskotsprodukt til grannane og viktige oppskrifter for konservering. Boka har også nokre korte, forklarande og kommenterande tekster av

forfattaren og to lengre etterord: eitt av forfattaren, eitt av statsvitar og samfunnsdebattant Svenn Arne Lie.

I boka er det tjueeitt foto frå dagleglivet på garden. Både dei og rekneskapsbilaga er avfotograferte for boka av fotograf Jan Alsaker. Alle bileta i boka er derfor foto. Dei korte forfattarkommentarane er sette med korte linjer og god linjeavstand, sentralt plasserte på boksida, og prenta med ein tynn og serifflaus font: Franklin Gothic Book.

Forteljinga

Boka *99/9 Vestervik* er ei nøyne redigert samling av visuell og verbal tekst. Bladinga gjer at det blir ei samanhengande forteljing, der rekneskapsbilaga fungerer som ein visuell og narrativ tråd. Dei er plasserte etter dato i kronologisk orden, og styrer ei forteljing som går over fire år, frå tidleg på året 1957 til slutten av 1960 og dokumenterer eit nøysamt liv og eit tilnærma sjølvforsyningssamfunn i aktivt samspele med dei naturgitte ressursane.

Svart/kvitt fotografi av barn og vaksne i arbeid og kvile utfyller denne årskavalkaden over inntekter og utgifter. Det er familiefoto, tatt med eit Leica-apparat av far eller farfar, og dei fleste er det vi ville kalle snapshots. Dei skildrar dei nærmaste geografiske områda, og dokumenterer dagleglivet til ein familie som lever det livet som rekneskapsbilaga er vitnemål om. Årstidene skifter, landskapet og arbeidsoppgåvene med dei. Barneflokken aukar, borna veks til, og alle blir frå første stund inkluderte i eit fellesskap der forholdet mellom menneske, dyr, natur og arbeid, styrt av årets gang, blir overført mellom generasjonane.

Presentasjonen

Foto av rekneskapsbilaga er plasserte midt på boksida eitt og eitt, akkurat som familiefotografia og dei korte kommentartekstene. Også baksidene av bilaga er omsorgsfullt fotograferte, og nøyaktig plasserte på baksida av bokarket slik at alle detaljar kjem med.

Både storlek og format i originalane er tatt vare på, likeeins detaljar som tillegg med lita skrift, tilfeldige notatar med penn eller blyant, merke etter alder og bruk, papirkvalitet og skriftypar. Fordi boka er trykt med fargetrykk, kan det stofflege, elden, dei ulike papirkvalitetane og fargane i dei enkelte originalane bli realistisk gjengitt. I andre samanhengar er fargen på eit billig papir, skadar etter oppbevaring eller gjentatt bruk, uvesentlege eller oversedde detaljar. Strand gjer det til personlege etterlatenskapar med viktig informasjon om dei menneska som har vore innblanda i transaksjonane.

Faktainformasjonen er ikkje endra med den kunstnarlege bearbeidingsa, men originalane gjennomgår ei forandring frå ein bunke rekneskapsvedlegg av lita interesse utanom fakta om utgifter og inntekter i ein gardsrekneskap til personlege uttrykk og estetiske objekt.

Når dessutan gamle kvitteringar blir like respektfullt behandla som eit fotografi, får dei automatisk tillagt ny verdi. Med estetiseringa vekker kvart enkelt element, også ei kvittering frå Samvirkelaget eller eit oppslag i ei velbrukt notisbok med tydelege bruksspor, fornya interesse. Det inviterer til aktiv deltaking i meiningsproduksjonen. Journalist Tor Martin Årseth opplevde det slik, og hadde glede av at "de største bildene er de du lager selv".² Boka er altså svært open for meddikting.



Randi Annie Strand: *99/9 Vestervik*, Levanger, LevArText 2019.

https://www.randistrand.no/images/99-9_Vestervik/99-web-2.jpg

I ei bok er det ingen hierarki mellom recto og verso, bakside og framside av eit ark, oppe eller nede, eller høgre og venstre side av eit oppslag. Sjølv mediet bok hjelper derfor til med den likestillinga av informasjon frå alle delar av rekneskapsbilaga som det er viktig for kunstnaren å få fram.

Fotografia er familiefoto, tatt av ein amatør, men med eit godt kamera og ein god fotograf. Strand har likevel valt å ta med både ufokuserte foto og biletar med forholdsvis tilfeldige utsnitt, og dei skildrar til dels trivielle situasjonar frå dagleglivet. Det er altså ikkje foto frå dei hendingane som skil seg ut, og som fotohistorikar Peter Larsen meiner er vanlegast å finne blant familiefotografi³ – og som derfor også med stort sannsyn fanst i denne fotosamlinga. Det er også lite posering. Resultatet er blitt ei dreiling frå det spesielle –

² Namdalsavisa 04.04.2029, 14

³ Larsen, Peter & Sigrid Lien. 2007. *Norsk fotohistorie. Frå daguerrotypi til digitalisering*. Oslo: Det Norske Samlaget, 265.

eit småbruk på vestkysten i Noreg i 1950–60-åra – til noko generelt og allmennmenneskeleg. Dermed er vi ved bokas tendens: *99/9 Vestervik* er innlegg i ein aktuell debatt om berekraftig utvikling og økologisk landbruk.

Debattinnlegget

Siste side i forteljinga om livet på småbruket Vestervik er ein faksimile av tekst og melodi til ei kjend, norsk song: "Fagert er landet", sett opp for blanda kor. Det skal minne lesaren om at eit arbeidsamt og etter våre omgrep stille liv, også var rikt på gode opplevingar. Dei som budde her hadde evner og interesser å fylle arbeid og fritid med, som gjorde livet rikare. Blar vi om, møter vi eit blankt ark.

Den litterære og poetiske forteljinga som er kjernen i *99/9 Vestervik*, sluttar altså her, med eit song- og noteark. Det som følgjer – ei refleksjonstekst som Randi Strand har kalla "Tanker om tid", og ei argumenterande og sakleg tekst av Svenn Arne Lie: "Jordbruk er bruk av jord" – er tillegg. Dei utdjupar skilnadene mellom den måten å leve på som hovudbolken fortel om og dagens. Ved hjelp av tal og statistikk viser Lie at utviklinga i norsk jordbruk, frå små bruk og eit sjølvforsyningssamfunn til stordrift og billig importert kraftfôr i staden for innhausta gras og naturleg beite, er ei klanderverdig forvaltning av jord og naturressursar. Randi Strand uttrykker uro for at vi har gløymt viktig kunnskap som vi kan få bruk for i framtida.

Utstilling

Boka *99/9 Vestervik* er også ein integrert og viktig del av ei utstilling.⁴ Der er boka omgitt av lauvsgarbeid, og kvitteringane frå boka i glas og ramme på veggen.⁵ Dei lauvsgaga rammene er beisa med ein utvald jordfarge og dekorert med utsaga motiv tilpassa bodskapen i biletet. På Samvirkelaget er det betalt for seks kilo timoteifrø. Ramma rundt rekninga er beisa grøn, nedre list er breiare, og perforert for å simulere små frø, klare til å spire og vekse. På ramma til ei rekning for to river, ein bunt hesjetråd, eit kulelager, bandsagblad og loddesølv, heng det ei utskoren rive.

⁴ LevArt i Levanger 16.–30. mars 2019, Kystmuseet Rørvik 6.4.–31.5.2019, Norsk skogmuseum på Elverum 9.11.2019–1.2.2020

⁵ <https://www.randistrand.no/skulptur-installasjon/99-9-vestervik-installasjon>



Randi Annie Strand: *River*, 2019, lauvsagarbeid, 26 x 26 cm.

<https://www.randistrand.no/skulptur-installasjon/99-9-vestervik-installasjon/99-9-vestervik-installasjon/99-9-vestervik-256>

Lauvsagarbeid i kryssfiner er ein lenge nedvurdert handverksteknikk som kunstnaren ønskte å utforske mulegheitene i. Det naive og direkte uttrykket er slåande. Publikum oppfatta arbeida som leikande og humørfylte, men også som uttrykk for respekt.

Både bok og utstilling er svært opne for meddikting. Ikke berre synssansen, men fleire sansar blir aktive. Det set i gang assosiasjonar av både personleg og felleskulturell art, erfaringsbaserte og kunnskapsrelaterte.

Utstillinga skjerper blikket for detaljane. Men boka er kjernen i prosjektet.

Estetiseringa, og omsorga som kunstnaren har lagt i godt handverk og i å gjere opplevinga vakker, forsterkar hovudideen i boka: at samfunn som 99/9 Vestervik representerer noko verdifullt som vi har mist på vegen til det livet vi lever i dag.

Fleire av Randi Strands artists' books er så skøyre og sarte at vi berre kan betrakte dei på avstand, i utstillingsmontrar eller overførte til video. Boka *99/9 Vestervik* er også tander og delikat, men vi kan kjøpe henne i bokhandelen for prisen til ei vanleg bok, ha henne i bokhylla og bla i henne når vi vil.

Vilborg Stubseid Hovet, 22.11.21

Randi Annie Strand: *99/9 Vestervik*

By Vilborg Stubseid Hovet

English translation by Diane Oatley

Not all books made by artists are artists' books, but in all artists' books the physical structure, the object itself, is an integrated aspect of the means by which the work communicates its contents. It is a book, or an object that resembles a book, or an object which in one way or another employs the book as its material and an artist has had a high degree of control over the finished product. The book entitled *99/9 Vestervik* by the Oslo-based artist Randi Annie Strand (d.o.b. 1962) is an artists' book. Strand is an artist who has strict requirements for both craftsmanship and aesthetics, requirements she has adhered to here, in a book which Johanna Drucker could have included in the group "The Artist's Book as an Agent of Social Change".⁶ With exquisite paper and printing, a typeface imbuing the words with a unique voice, a poetic use of prosaic everyday details and the artist's own family history from a typical Norwegian small farm in the 1960s, she presents an ecological alternative to the consumer society of today that has an international relevance, global in the sense of displaced from any specific location.



Randi Annie Strand: *99/9 Vestervik*, Levanger, LevArText 2019. ISBN 978-82-690297-8-9

https://www.randistrand.no/images/99-9_Vestervik/99-web-ny1-400b.jpg

⁶ Drucker, Johanna. 2012. *The Century of Artists' Books*. New York City: Granary Books, 287–307.

You can see the author's own photographs of pages from the book and look through the book here: <https://www.randistrand.no/boker/99-9-vestervik>

The Book-ness of *99/9 Vestervik*

99/9 Vestervik has a stiff binding, a sewn spine, is offset printed in an edition of 300 copies and has an ISBN number. The contents comprise 224 pages of written texts and photographs. The object has accordingly all the usual characteristics of a book, but what is unique about it is that the physical structure, the object itself, is a fully integrated dimension of its message. The object, the materials out of which the book is made, the contents and the choices with regard to physical, book-specific elements (paper, typeface, binding, etc.) appeal to the senses and trigger associations of both a personal and shared cultural nature, both experiential and knowledge based.

The pages aren't numbered, but the binding arranges the sheets of paper in a specific order. The paper, Munken Print White (15) 80g, is a light, transparent type of paper, which allows the reader to glimpse a shadow of the printing on each subsequent page. This is a reminder that, just as in a traditional book, something always comes both before and after. Every page of the book and every written text or image becomes part of a series that the reader activates as he or she turns the pages of the book. The paper is pleasurable to the touch, beautiful, and so thin that we sense that we should handle it with care. The feeling established is that of touching something valuable, which awakens associations of a tradition in which books were important for the communication of information and education, as well as for the preservation of a cultural legacy.

The format is reminiscent of a photo album or a scrapbook, while the black shirting spine, the pattern and colours of the decorative paper on the binding, the slightly smudged title label, and the grey end leave paper all summon associations of a notebook or ledger. Simple, old, and well-worn. However, the quality of the paper, the use of the book pages, and presentation of the contents signal that this is neither an ordinary ledger nor a run of the mill photo album or scrapbook. It is something else altogether. Associations are generated which we carry with us as we peruse the book, and this provides the reading experience with further

depth. The contrast between the everyday use of materials on what appears to be a somewhat soiled front page and the delicate contents, heightens the senses.

The Materials

99/9 is the farm and property registration number of the Vestervik farm on the Namdal Coastline in Norway, where Randi Strand lived with her parents and four siblings from 1962–1975. The book presents a selection of old receipts which were once vouchers from her father's tax returns. The receipts document income earned and costs incurred by the family farm and the boat building enterprise run by her father. In the book we also find a few pages from her mother's worn notebook where she has recorded the consumption of berries, sales of surplus goods to neighbours and important recipes for food preservation. The book also contains short, explanatory and commentary texts written by the author and an epilogue containing two addendums: one by the author, the other by political scientist and social commentator Svenn Arne Lie.

The book contains twenty-one photographs from daily life on the farm. Both the photos and the bookkeeping vouchers are photographed for the book by photographer Jan Alsaker. All the pictures in the book are therefore photographs. The brief comments by the author are typeset in a short line format with generous line spacing, centred on the page, and printed in a thin, sans serif typeface: Franklin Gothic Book.

The Story

The book *99/9 Vestervik* is a carefully edited collection of visual and verbal texts. As the reader thumbs through the pages, a coherent story line is created in which the bookkeeping documents constitute a visual narrative thread. They are sorted by date in chronological order and structure a story spanning four years, from early 1957 to the end of 1960, documenting a modest life and a self-sufficient society in interaction with local natural resources.

The black and white photographs of children and adults at work and leisure provide further contents for this annual cavalcade of earnings and expenses. There are family photographs taken with a Leica camera by the father or grandfather and the majority of these are what we would call snapshots. They depict the immediate geographic surroundings and document the daily life of a family living the life attested to by the bookkeeping vouchers. The seasons change, as do the landscape and the work tasks. The number of children

increases, children grow up, and from the first moment they are all included in a community in which the relationship between humans, animals, nature, and work is defined by the passage of time, and passed down from one generation to the next.

The Presentation

The photos of the bookkeeping vouchers are situated in the middle of the book page and presented one by one, just like the family photos and the short commentary texts. The backs of the vouchers are also photographed with care and precisely placed on the back of the book pages so all the details are included.

Both the size and format of the originals are preserved, as are details such as comments added in tiny handwriting, random notes in pen or pencil, marks from time or use, paper quality, and typeface. Because the book is printed in coloured ink, the materiality, the age, the different paper qualities, and colours of each original document can be realistically rendered. In other contexts, the colour of cheap-quality paper, or signs of damage incurred through storage or use, become insignificant, irrelevant details. Strand converts such details into personal possessions containing important information about the people who were involved in the transactions.

The factual information has not been altered through the artistic process, but the originals are transformed from a stack of accounting documents of little interest – beyond the information about costs and revenues in a farm's bookkeeping system – into personal forms of expression and aesthetic objects.

When old receipts are treated with as much respect as a photograph, they are automatically instilled with another value.

Through the aestheticization, each element is awakened; the interest in a receipt from the consumer cooperative or an entry in a notebook showing evident signs of use is renewed. The reader is invited to actively participate in the production of meaning.



Randi Annie Strand: *99/9 Vestervik*, Levanger, LevArText 2019.
https://www.randistrand.no/images/99-9_Vestervik/99-web-2.jpg

A book constructs no hierarchy between recto and verso, the front and back of a page, up or down, or right and left side of the contents of any given page. The medium of the book itself therefore plays a part in assigning equal value to each piece of information from the bookkeeping vouchers, a perspective of importance to the artist.

The photographs are family photos, taken by an amateur, but with a good camera and by a good photographer. Strand has nonetheless chosen to include both blurry photos and pictures with relatively random motifs, depicting somewhat trivial situations from daily life. There are, in other words, no photos of specific events that stand out and which photography historian Peter Larsen claims are commonly found among family photographs⁷ – and which therefore most probably were also to be found in this collection of photographs. There is also little posing. The result is a turning away from anything out of the ordinary – a small farm on the west coast of Norway in the 1950-60s – to embrace something general and universally human. We are thereby at the heart of the book's intention: *99/9 Vestervik* is a contribution to a current debate about sustainable development and organic farming.

The Epilogue

The last page of the story about life on the small farm Vestervik is a facsimile of the text and melody of a well-known Norwegian hymn: “Fagert er landet” (“Fair is Our Country”), an arrangement for a mixed choir. It is intended to remind the reader that a hard-working, and by

⁷ Larsen, Peter & Sigrid Lien. 2007. *Norsk fotohistorie. Frå daguerrotypi til digitalisering*. Oslo: Det Norske Samlaget, 265.

our standards, quiet life, also contained an abundance of good experiences. Those who lived here had abilities and interests with which to fill their work and free time, which made life richer.

If we keep leafing through the book, we come upon a blank page. The literary and poetic story that is the core of *99/9 Vestervik* ends here, with page of sheet music. What follows – a written reflection which Randi Strand has titled “Thoughts about Time” (“Tanker om tid”), and an essay by Svenn Arne Lie: “Jordbruk er bruk av jord” (“Agriculture is Use of the Earth”⁸) – are addendums. These texts highlight the differences between the way of life depicted by the book and the way we live today. Using figures and statistics, Lie illustrates how the development in Norwegian agriculture – from small farms and a self-sufficient society to large-scale operations and cheap, imported turbo-feed rather than harvested grain and natural grazing – constitutes a blameworthy management of the earth and natural resources. Randi Strand expresses concern that we have forgotten important knowledge which we could find use for in the future.

The Exhibition

Boka *99/9 Vestervik* is also an integrated and important part of an exhibition.⁹ There the book is surrounded by jigsaw works and the receipts from the book are framed behind glass and mounted on the wall.¹⁰ The frames of the jigsaw works are stained in a variety of earth tones and decorated with carved motifs adapted to the message of the respective images. At the consumer cooperative Samvirkelaget, six kilos of timothy seed were purchased. The frame around the invoice is stained green, while the bottom list is broader and perforated to simulate small seeds, ready to sprout and grow. Hanging from the frame of an invoice for two rakes, a pack of baling wire, a ball bearing, an endless saw blade and silver solder, is a carved rake.

⁸ Translator’s note: The title can be translated literally as “Agriculture is Use of the Earth,” but the Norwegian title employs a word play by dividing the Norwegian word *jordbruk*, meaning agriculture or farming, into two words, *bruk + jord*, whereby a double or underlying meaning of this word “use of the earth” is produced.

⁹ LevArt in Levanger 16–30 March 2019, Kystmuseet Rørvik 6.4.–31.5.2019, Norwegian Forestry Museum in Elverum 9.11.2019–1.2.2020.

¹⁰ <https://www.randistrand.no/skulptur-installasjon/99-9-vestervik-installasjon>



Randi Annie Strand: *River*, 2019, jigsaw work, 26 x 26 cm.

<https://www.randistrand.no/skulptur-installasjon/99-9-vestervik-installasjon/99-9-vestervik-installasjon/99-9-vestervik-256>

Jigsaw plywood-working is a long-devalued artisan technique, the potentials of which the artist was interested in exploring. The naive, direct expression is striking. The viewer experiences the work as playful and humorous but also as an expression of respect.

Both the book and the exhibition invite co-creation. Journalist Tor Martin Årseth both experienced and took great pleasure in how “the most important images are those you create yourself.”¹¹ The activation of the senses triggers associations of a personal and shared cultural nature, based on both experience and knowledge.

The exhibition sharpens the gaze in terms of discernment of details. But the book is the core of the project. The aestheticization and care which the artist has invested in good craftsmanship and in making the experience beautiful, reinforces the main idea of the book: societies such as 99/9 Vestervik represent something valuable that we have squandered somewhere along the way to the life we live today.

Several of Randi Strand’s artists’ books are so fragile that we can only view them from a distance, in display cases or by way of a video featuring a person’s hands leafing through the book. The artwork *99/9 Vestervik* is also fragile, but we can buy it in the bookstore for the price of an ordinary book, keep it on the bookshelf, and look through it whenever we want.

¹¹ Namdalsavisa 04.04.2019.